

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 28/2003

Møtedato: 14.5.03

Arkiv nr:

RUDVANG/FORSET – SØKNAD OM STØL

Åse Fauske søkte i 1993 om å få vist ut støl på vestsida av Rensenn. Det omsøkte areal er på ca 5 dekar. Åse Fauske har eigendomene Rudvang og Forset som til saman er på ca 105 da dyrka. Stølen er tenkt nytta til for tilsyn av dyra, haustbeite og samling for heimtransport.

Søkjaren har del i fellesstølen for geit i Baklia, men det er ikkje mogeleg å kombinera dette med sauedrift. Forset hadde støl på Flyin, men grunna dei spesielle forholda i saka fann ikkje Åse Fauske å ville krevja denne stølsretten.

Fjellstyret såg på saka saman med søkjaren og Statskog under befarung den 31.8.93.

I følgje stølsforskriftene § 1 kan jordbrukar som godtgjer at det trengst støl til drift av garden få vist ut støl, men fjellstyret bør rådføre seg med jordbruksstyresmaktene når det gjeld spørsmålet om behov for støl.

Landbrukssjefen har i skriv av 16.8.93 tilrådd at Åse Fauske får vist ut den omsøkte stølen. I sak 60/93 gjorde fjellstyret vedtak om å leggja stølen ut til offentleg ettersyn. Det kom ingen merknader ved utlegginga.

Fyrst i brev datert 20.5.99 gav landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen tilråding til at Åse Fauske kan få vist ut støl. Søkjaren hadde i mellomtida slutta med husdyrhald og søknaden vart derfor ikkje sluttbehandla i fjellstyret.

I brev datert 20.4.03 skriv Åse Fauske at det har vore eit opphald i husdyrhaldet, men at sonen har planer om å starte opp att med dyr innan 5 år. Med bakgrunn i dette søker ho om utsetting på 5 år for å ta stølen i bruk.

VEDTAK:

Fjellstyret finn ikkje å kunne vise ut støl når bruket ikkje har husdyrhald og vil fyrst vurdere dette når søkjaren har starta opp att med husdyr.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan det klagast over vedtaket. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 16.5.03

Kjell Strand
fjellstyreleiar

Utskrift: Åse Fauske
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT